


BASTHAUGEN GARD. VEDLEGG TIL SMILSØKNAD 2021



Lengde på området som vert omfatta av tiltaket; ca 310 m. Her renn kanalen, og myrområdet/marka som må reparerast ligg på begge sider av kanalen og varierer mellom 15 og 50 m breidde. Området er størst på 416/15 og 416/1. Sjå elles bileta i dette dokumentet.



Flyfoto frå 1961. Sjølv om kvaliteten på biletet ikkje er så god, ser ein tydeleg at det er sett opp hesjer på 416/1. Ein ser også at det gjengroinga ikkje har kome så langt som den er i dag ute på Sekkene. Merket er sett ved 416/1.



Biletet syner grensa mellom 416/1 og 416/4. Vi ser retning NORD og mest av 416/1. Som resten av arealet vert det prega av at myra får utvikla seg og er prega av store tuer og delvis sølvbunke og lyssiv.

Lengst borte ser vi delar av arealet som den einaste garden i full drift nyttar. Her ser ein tydeleg skilnaden mellom beitejorda/slåttemarka der kanalen har hatt vedlikehald og der vatnet frå kanalen lagar myr av dei gamle beiteområda.



Biletet syner delar av 416/4 retning SØR/SØRVEST. Gjerdet skal hindra sauene å koma inn til kanalen. Arealet som er gjerdet inn er her ca 30 m breidt. Tidlegare gjekk beitet til kanalen, medan myrområdet no tek meir og meir over beitemarka/slåttemarka. Vatnet som underminerer store delar av det flate arealet i dalen får konsekvensar for det arealet som kan nyttast til beite.



Biletet syner grensa mellom 416/4 og 416/15 i SØR (venstre).

Det er same myrjord og utfordringar som med med 416/1. Ein ser at gjerdet mot kanalen på 416/15 er sett lengre inn for å hindra sauene frå å gå i kanalen, men vi har i tillegg vore nødt til å sette opp eit straumgjerde i AUST der den flate delen av arealet byrjar gå oppover. Dette måtte vi gjera etter at det var sauер som sette seg fast i myra på det flate området. Se også neste biletet.



Biletet syner 416/15 og ein ser tydeleg at det er meir vatn her. Bak greinene i framkant av biletet kan ein så vidt skimta det elektriske gjerdet.

Arealet på 416/15 smalnar inn mot SØR. Der er det så «tørt» at rett før grensa mot naboen i SØR (416/17) kan sauene gå mellom dei delane av garden som ligg på begge sider av kanalen.